

Til
Sogn og Fjordane vassregionutval
Hordaland vassregionutval

Utarbeiding av Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022 -2027 – framdriftsplan og forventa innsats

Arbeidet med å utarbeide ein vassforvaltningsplan med eit tilhøyrande tiltaksprogram for Vestland vassregion 2022 -2027 er starta. Planen bygger på vassforvaltningsplanane 2016-2021 for Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen, som vassregionstyresmakt, har ansvaret for å koordinere arbeidet.

Viktige oppgåver framover er å skissera tiltak i vassførekomstane som ikkje er i god nok tilstand og å oppdatere miljømåla. Vi legg opp til medverknad i denne prosessen. Frist for innspel til oppdatering av tiltak og miljømål er 1.1.2020. Vi ønskjer med dette å klårgjera framdrifta i arbeidet fram til vedtak av planen og ansvar ulike aktørar har til å bidra med innhald til planen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er vassregionmynde for Sogn og Fjordane vassregion, og Hordaland fylkeskommune er vassregionmynde for Hordaland vassregion. Vassregionane Hordaland og Sogn og Fjordane vert slege saman til Vestland vassregion frå årsskiftet 2020 med Vestland fylkeskommune som vassregionstyresmakt. Vassregionstyresmakta har ansvar for å koordinere arbeidet med å revurdere og oppdatere vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet jf. vassforskrifta § 21.

Vassforvaltningsplanen vil gjelde for Vestland vassregion. Med andre ord vert vassforvaltningsplanen for Hordaland vassregion 2016 – 2021 og vassforvaltningsplanen for Sogn og Fjordane vassregion 2016 - 2021 oppdatert og slegne saman til ein ny plan for heile Vestland vassregion 2022 -2027.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sende ut ein framdriftsplan for arbeidet til Sogn og Fjordane vassregionutvalet 25.10.18. Denne er no supplert og utvida med meir detaljerte fristar for arbeidet fram til vedtak av planen og gjeld for Hordaland og Sogn og Fjordane (Vestland frå 1.1.2020) (vedlegg 1).

Planprogram og dokument om hovudutfordringar til planen for 2022 - 2027 har vore på høyring med høyringsfrist 1.7.19. Vi legg opp til møte om høyringsinnspela og tilslutning til dokumenta i vassregionutvala for Hordaland og Sogn og Fjordane i oktober 2019. Eiga innkalling til desse møta kjem.

Ansvar ulike aktørar har for å bidra inn i arbeidet med ny vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for Vestland vassregion

Plan og bygningslova og vassforskrifta presiserer nærmare ansvarsoppgåvene ulike aktørar har i utarbeiding av regionale planar/vassforvaltningsplanen.

Alle kommunar, fylkeskommunar og statlege sektorstyresmaktar (heretter berre omtalt som sektorstyresmaktar) har ein rett og plikt til å delta i arbeidet jf. pl. b. lova § 8 - 3 når det rører ved deira ansvarsfelt.

Alle kommunane, fylkeskommunen og aktuelle regionale statlege etatar er representert i vassregionutvala. Vassregionstyresmakta vil i samarbeid med vassregionutvalet revurdere og oppdatere vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet (jf. vassforskrifta §§ 24, 25 og 26). Eit handlingsprogram vert og utarbeida jf. plan- og bygningslova § 8-1.

Statlege styresmaktar har eit særleg ansvar for å sjå til at oppdateringa som gjeld eige ansvarsområde ligg innanfor nasjonale føringar før og etter høyring av planen jf. § 22 i vassforskrifta.

[Nasjonale føringar](#) for arbeidet skal leggjast til grunn for arbeidet jf. vassforskrifta §§ 21, 24 og 25.

Tiltak for å nå miljømåla

Tiltak i tiltaksprogrammet skal omfatte tiltak som skal verne om vassførekomstane, forbetre eller rette opp att miljøtilstanden. Tiltak skal skisserast for å miljømåla.

Sektorstyresmaktar er ansvarleg for å skissere tiltak for å betre miljøtilstanden for dei påverknadar dei er ansvarleg for dvs. har verkemidlar til å gjennomføre sjølv, påleggje eller stimulere andre til å gjennomføre. Vassområdekoordinatorane vil ta opp med kvar enkelt kommune om kva for vassførekomstar og type påverknad dei er ansvarleg for å skissere tiltak for t.d. innanfor avløp, landbruk, avfallsplasser etc. Statlege sektorstyresmaktar finn fram til desse i vann-nett gjennom å sortere ut vassførekomstar med for dårleg tilstand i høve miljømålet og med påverknadsgrad *middels* eller *stor* for påverknadar dei har ansvar for. Det vert kalla inn til eit skypemøte for statlege etatar der dette vert forklart nærmare.

Tiltak vert delt i to grupper, avhengig av om dei følgjer eit regelverk eller ikkje. Grunnleggjande tiltak kan setjast i verk gjennom lover og forskrifter t.d. tiltak innan avløpsområde. Supplerande (frivillige tiltak) er tiltak som ikkje kan påleggjast gjennom lover og forskrifter men stimulerast gjennom ulike ordningar t.d. tilskotordningar som SMIL, RMP mildar i landbrukssektoren, tiltak i regulerte vassdrag med fjerning av terskel, ny terskel, oppmudring m.m., endring av vass-straum m.m. som ikkje påverkar sjølve kraftreguleringa.

Oppdatering av miljømål

Råmer for fastsetting av miljømål for vassførekomstane går fram av vassforskrifta §§ 4 -10 og 24.

I utgangspunktet er miljømålet sett til *standard miljømål* dvs. *god økologisk tilstand* og *god kjemisk tilstand* med oppnåing av miljømål innan 2027. Dersom sektorstyresmaktar ønskjer eit anna miljømål, høgare eller lågare, eller utsett frist til 2033 for å nå miljømålet må dette grunngjevast og meldast inn til fylkeskommunen. Grunngjevinga må vere i samsvar med vassforskrifta.

Mange vassførekomstar er i dag skilt ut som *sterkt modifiserte vassførekomstar* (SMVF) og har med det fått eit lågare miljømål kalla *godt økologisk potensial*. Mange av desse har og fått eit endå lågare miljømål, kalla *mindre strenge miljømål*. Det vert ein ny gjennomgang av vassførekomstar som er peika ut som SMVF for å revurdere og ev. oppdatere miljømåla. Det er og behov for å sjå om fleire vassførekomstar bør peikast ut som SMVF eller om vassførekomstar bør løftast ut av SMVF kategorien og få *god økologisk tilstand* som miljømål. NVE, Fylkesmannen og Miljødirektoratet vil vere sentrale aktørar i dette arbeidet.

Fristar - miljømål og tiltak

Alle, under her sektorstyresmaktar, aktuelle rettighetshavarar, private og ålmenne brukarar har rett til å koma med innspel til oppdatering av miljømål og forslag til tiltak. Sektorstyresmaktar har plikt til å skissere tiltak innanfor sitt ansvarsområde. **Frist for å koma med innspel er 1.1.2020.** Ansvarleg sektorstyresmakt for tiltaket, vurderer om tiltaket bør inngå i tiltaksprogrammet. Vassområdekoordinatorar legg tiltaka inn i Vann-nett for kommunane. **Frist for vassområdekoordinatorane (for kommunane) og statlege etatar til å leggje tiltaka inn i vann-nett er 1. februar 2020.**

Innspelskjema vert lagt ut på www.vannportalen.no på sida for Sogn og Fjordane vassregion og Hordaland vassregion frå 1. oktober 2019.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Merete Farstad
seniorrådgjevar

Sveinung Klyve
Spesialrådgjevar vassforvaltning
Hordaland fylkeskommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Framdriftsplan
2. Oversikt over vassområdekoordinatorar i Hordaland og Sogn og Fjordane (nye Vestland vassregion)

Mottakar (ar)

Buskerud fylkeskommune Postboks 3563 3007 DRAMMEN
Oppland fylkeskommune Postboks 988 2626 LILLEHAMMER
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset Julsundvegen 9 6404 MOLDE
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN
Østfold fylkeskommune Boks 220 1702 SARPSBORG
Fylkesmannen i Vestland
Fylkesmannen i Innlandet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal Julsundvegen 9 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Oslo og Viken
Fiskeridirektoratet Region vest Gate 1 108 6700 MÅLØY
Kystverket Vest Postboks 1502 5523 HAUGESUND
Mattilsynet Sør og Vest Postboks 383 2381 BRUMUNDDAL
Norges Vassdrags- og energidirektorat Region Vest Naustdalsvegen 1B 6800 FØRDE
Austrheim kommune Kommunehuset 5943 AUSTRHEIM
Hemsedal kommune Kommunehuset 3560 HEMSEDAL
Hol kommune Ålmannvegen 8 3576 HOL
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
Lom kommune Midtgard 2686 LOM
Masfjorden kommune Kommunehuset 5981 MASFJORDNES
Modalen kommune Postboks 44 5729 MODALEN
Skjåk kommune 2690 SKJÅK
Stranda kommune Postboks 264 6201 STRANDA
Ulvik kommune Skeiesvegen 3 5730 ULVIK
Vaksdal kommune Konsul Jebsens gate 16 5722 DALEKVAM
Vang kommune Lindalen 2975 VANG I VALDRES
Vanylven kommune Rådhuset 6143 FISKÅBYGD
Volda kommune Stormyra 2 6100 VOLDA
Voss kommune Postboks 145 5701 VOSS
Ørsta kommune Dalevegen 6 6150 ØRSTA
Ål kommune Torge 1 3570 ÅL
NVE Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD

Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7010 TRONDHEIM

Kommunar i Hordaland vassregion

Kopi til:

BaneNOR Postboks 4350 Bedriftssenteret 2308 HAMAR

Vedlegg 1**Framdriftsplan for vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for Vestland 2022 -2027**

Aktivitet	Kven	Tidsperiode/frist
Møte – Hovudutfordringar i vassområda	Vassområdeutvala i Sogn og Fjordane	Desember 2018
Arbeidsmøte om datagrunnlaget i Vann-nett m.m.	Statlege sektorstyresmaktar	Desember 2018
Kvalitetssikring av datagrunnlaget i Vann-nett og Vannmiljø	Statlege sektorstyresmaktar Kommunane	Innan 1.12.18
Utkast til Hovudutfordringar i vassområde X sendast til fylkeskommunen (eit dokument pr. vassområde)	Vassområdeutvala	Innan 1.1.19
Innspel til - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen	alle	Innan 1.1.19
Utarbeide forslag til planprogram og hovudutfordringar etter innspel frå sektorstyresmaktar og regional referansegruppe	Fylkeskommunen	Haust- 18 – jan. 19
Tilslutning til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen	Arbeidsutvalet til vassregionutvalet	8. feb. 19
Vedtak om utlegging av høyringsdokument - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda	Fylkesutval	(feb/mars) Sogn og Fjordane 5. mars 2019
Høyring av - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda	alle	1.4.19 – 30.06.19
Høringsmøte	Fylkeskommunen arrangør, ope møte	Sogn og Fjordane 23.mai 2019 Hordaland 3. juni 2019
Oppsummering av høyringsuttaler til planprogram og hovudutfordringar, ferdigstilling av dokument	Fylkeskommunen	Haust 2019
Forankring/tilslutning i vassregionutvalet av: - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda	Sogn og Fjordane vassregionutvalet Hordaland Vassregion	17. okt. 2019 xx. okt. 2019
Vedtak av: - Planprogram - Hovudutfordringar i vassregionen og vassområda	Hovudutval Fylkesutval	12. nov 2019 13. nov 2019
Innspel til tiltak og miljømål	frå interessantar, lag og organisasjonar, kommunar, fylkeskommunar, statlege sektorstyresmaktar	1.1.2020
Vurdering av innspel til tiltak og miljømål hos aktuelle sektorstyresmaktar	Statlege sektorstyresmaktar, fylkeskommunar og kommunar	innan 1. feb. 2020
Statlege sektorstyresmaktar legg aktuelle tiltak inn i vann-nett.	Statlege sektorstyresmaktar	Skrivefrist i vann-nett 1.2.2020

Aktivitet	Kven	Tidsperiode/frist
Vassområdekoordinatorar legg tiltak inn i Vann-nett for kommunane	Vassområdekoordinatorar	
Skiping av Vestland vassregionutval	Medlemar av vestland vassregionutval	Feb. /mars 2020
Utarbeide forslag til Regional plan for vassforvaltning, tiltaksprogram og handlingsprogram	Fylkeskommunen/ vassregionstyresmakt i samarbeid med vassregionutvalet	Haust 2019 – 1.6. 2020
Forankring av høyringsutkast til vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for Vestland vassregion	Medlemar av vassregionutvalet	Juni 2020
Vedtak om å leggje høyringsutkast ut på høyring	Fylkesutval	September 2020
Høyring av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet		1.10.20 – 31.12.20
Høyringsmøte	Fylkeskommunen arrangør, ope møte	Okt./nov 2020
Oppsummering av høyringsinnspel til vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet	Fylkeskommunen	Vinter 2021
Forankring av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet	Vestland vassregionutvalet	Ca. mars 2021
Vedtak av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet	Fylkesting som har eit areal i planen	Juni 2021
Oversending av vassforvaltningsplanen til Klima og miljødepartementet	Fylkeskommunen	Innan 1.7.2021
Godkjenning av vassforvaltningsplanen av Klima- og miljødepartementet	Klima- og miljødepartementet	Innan 31.12.21

Vedlegg 2 Kontaktpersonar

Vassområde	Namn	e-postadresse
Voss og Osterfjorden VO	Sveinung Klyve	sveinung.klyve@hfk.no
Sunnhordland VO	Kari Rydland	kary@fitjar.kommune.no
Hardanger VO	Lars Præstiin	lars.prestiin@ulvik.kommune.no
Vest VO	Ida Grøndahl Steffensen	Ida.Steffensen@bergen.kommune.no
Nordhordland VO	Kjersti Isdal	kjersti@nordhordland.net
Nordfjord VO og Sunnfjord VO	Staffan Hjohlman	staffan.Hjohlman@sfj.no
Indre Sogn VO og Ytre Sogn VO	Christian E. Pettersen	christian.pettersen@sfj.no
Hordaland vassregion	Sveinung Klyve	sveinung.klyve@hfk.no
Sogn og Fjordane vassregion	Merete Farstad	merete.farstad@sfj.no